

Tips oss på tlf. 56 35 55 55

sport

Nordhordland Skiklubb med to lag i Ørnar-stafetten

SKI: Nordhordland Skiklubb stilte med to guttelag i Ørnar-stafetten i helga. Begge laga hamna eit godt stykke bak dei beste, men unge skiløparar levte som vanleg god innsats i det litt tunge føret i Myrkdalen. I klasse 11-12 gjekk Andreas Nergård, Erlend K. Kalnes og Herman Alvær inn til ein 12. plass. I 13-16-klassen stilte Knut Eirik Kolstad, Kristoffer Sætre Strømmen og Marcus Hansen.

Claus nummer 73 av 15 000

Mange lokale skigåarar noterte seg for svært gode resultat under tradisjonsrike Birkebeinerrennet i helga. Claus Sellevoll var som venta klart raskast av våre, og gjekk i mål til ein svært sterk 73. plass totalt.

ENDRE HOPLAND/NORDHORDLAND SKIKLUBB
endre@nordhordland.no

Nordhordland Skiklubb stilte med 21 løparar på startstreken under årets utgåve av Birkebeinerrennet. Det 54 kilometer lange skirennet frå Rena til Lillehammer, i klassisk stil, inviterte lenge til drøymeforhold, men natt til lørdag og under sjølvrennet kom det nysno og gråvør, noko som gjorde at deltakarane fekk det litt tøffare enn venta. Snøen resulterte også i at dei aller fleste brukte noko lengre tid over fjellet samanlikna med fjoråret.

Av våre løparar var det altså Claus Sellevoll som var den aller raskaste. Han kryssa målstreken på Birkebeiner skistadion på knallsterke 3 timar og 56 sekund, noko som held til ein 5. plass i klasse M40. Prestasjonen blir ikkje mindre imponerende når sigerspallen i denne klassen bestod av meriterte namn som Anders Aukland, Stanislav Rezac og Oddbjørn Hjelmeset. Sellevoll vart elles nummer 69 i klassen Menn Elite, og totalt nummer 73 av dei nesten 15 000 deltakarane som fullførte det tøffe rennet.

Også Bjørnar Stusdal (M25), Ståle Leiren (M35), Børge Sellevoll (M35), Tormod Vågenes (M35) og Inge Hatlebrekke (M50), alle frå Nordhordland Skiklubb, gjekk svært sterke løp lørdag. Alle desse klarer Birken-merket med solid margin. Det gjorde også Vidar Sleire Tistel frå Risnes Idrettslag. Den tidlegare skiskyttaren levte tida 3.25, og var med det tredje raskaste frå Nordhordland, berre slått av Sellevoll og Stusdal (3.22.59).

Det er elles verd å merka seg at Kenneth Alvær opna Birkebeinerrennet svært bra i klasse M 45-49. Han låg an til ei sluttid på rundt 3 timar og 25 minutt. Men nokre hundre meter etter passering Skramstadsætra vart bindingen på den eine skia hans øydelagt, og han vart dermed tvungen til å bryta rennet.

Lokal deltakarar i Birkebeinerrennet:

Turid Stusdal, Edith Kleiveland Stusdal, Bjørnar Stusdal, André Corneliusen, Ståle Leiren, Børge Sellevoll, Tormod Vågenes, Claus Sellevoll, Trond Austrheim, Magne Fostervold, Vidar Sætre, Harald Sagstad, Jonny Totlandsdal, Vidar V. Aasgård, Sigve Eldøy, Kenneth Alvær, Inge Hatlebrekke, Atle Austrheim, Torbjørn Aamli, Gunnar Stusdal, Asbjørn Eidsheim, Claus Sellevoll (Alle Nordhordland Skiklubb), Vidar Sleire Tistel (Risnes Idrettslag), Ståle Daae (Bjørn West Idrettslag).



PÅ VEG: Gjengen frå Nordhordland Skiklubb på veg over fjellet i buss.

NYTT SUPERLØP: Claus Sellevoll frå Nordhordland Skiklubb held fram med å gå fort på ski. Under Birkebeinerrennet i helga gjekk han i mål til ein samanlagt 73. plass. Alversundingen var under eitt minutt unna å fullføra dei 54 kilometerne på under tre timar. (Private foto)

